




**Luster Kommune**

# Strategi for kommunale grøntanlegg



Luster kommune v/plan  
Vedtatt av Formannskapet 01.04.2020 sak 34/20

## Bakgrunn for dokumentet

I kommuneplan for Luster, samfunnssdelen, vedteken av kommunestyret 14.12.2017, står det på under punkt 12.1 – Tiltak – slik gjer me det: ***Utarbeida ein strategi for anlegg og vedlikehald av offentlege park/grøntområde og tilrettelegging for aktivitetsområde for barn og unge i sentrum.*** Dette er eit framlegg til slik strategi.

Utdrag av samfunnssdelen som peiker på det miljøet me bur i/grøntanlegg :

### 4.Fokusområde

Luster – ein god stad å bu.

Luster – ein god stad for bedrifter.

Luster – ein god stad å besøkja.



### 11.2 Veikskap (i dag):

Lite felles møtepunkt.

Manglande stell av sentrumsområda sumartid.

### 12.1 Luster – ein god stad å bu

Strategiar: - Me skal leggja til rette for at folk trivest med å bu i Luster

### 13. Føringsar for arealdelen

#### 13.4 Sentrumsområde

- «Stadanalyse for Gaupne» skal leggjast til grunn i planarbeidet for fortetting og vidare sentrumsutvikling i Gaupne
- Fastsetja langsiktige mål for utvikling av fellesareal i kommunesenter og bygdesenter med vekt på «Born og unge i sentrum» og universell utforming



#### 13.7 Friluftsliv

- Sikra tur- og rekreasjonsområde i sentrumsnære område
- Ivareta areal langs fjord og vassdrag for ålmenta som er eigna for bading og fiske.



## Kvifor er kommunale grøntanlegg viktige?

Velfungerande, velstelte, vakre grøntanlegg har mange viktige funksjonar for folkehelsa – både fysisk og mentalt. Stadig ny dokumentasjon på dette området styrker verdien til grøne lunger nær der folk bur.

[Link til artikkelen på forsking.no](#)

Utdrag av artikkelen:

- *Politikere og utbyggere må forstå at man kan ikke bygge ned grøntarealer, spise litt her og litt der slik at vi står igjen med noen få store parker.*

- *De små parkenes betydning er undervurdert. Vi trenger en kombinasjon av store og små, men først og fremst mange mindre grøntområder tett på der folk bor, sier Nordh.*

**Nærhet er svært viktig**



Barn treng gode, varierte, utfordrande og trygge leikeområde som stimulerer til fysisk aktivitet. Dei første leveåra i nærområdet til bustaden, seinare i samband med barnehage, skule, idrettsanlegg, friluftsområde og samlingsplassar i bygdesenter og kommunesenter.

Luster kommune har mykje natur, men det meste av denne naturen ligg eit stykke frå bustaden og krev bruk av bil for å kunne nytte denne naturen. Dei svakare gruppene i samfunnet vårt slik som barn og ungdom, eldre og innvandrarar har ikkje like lett tilgang til bil og dermed ikkje til naturen. Grøne «lunger» nær heimen er viktig også for dei som har bil, men som ikkje ynskjer å bruke tid på å køyre når dei kjem heim frå jobb og skule for å gå tur i fjella. Nærleiken til grøne «lunger» viktig og helsefremjande for både innbyggjarane våre. Turløyper, helst rundturar, i nærområdet er viktige tiltak for trivsel og helse. Me har eit variert og ofte krevjande terreng, men der det er råd bør grøntanlegga ha ei utforming som gjer at det kan brukast av alle uansett alder. Der ein kjem fram med rullestol kjem ein også fram med barnevogn, sykkel, og rullator.



*Planlegg ein for dei svakaste, kan anlegga nyttast av alle!*



Det er viktig å tenkje langsiktig også når det gjeld lokale grøntanlegg. Ved å planlegge rett kan ein aktivt brukt leikeplass i går vera ein fin samlingsplass for vaksne i dag. Det er viktig å tydeleg plassere ansvar for vedlikehald.


## Kva gjer andre kommunar?

Oppegård kommune har utarbeida eit svært godt dokument, *Plan for skjøtsel og vedlikehold av kommunale uteområder 2017-2025*, som tek opp dei fleste problemstillingane som også Luster kommune har. [Link til sida der du finn dokumentet nedst på sida finn du her.](#)

Dette dokumentet er brukt som bakgrunn for framlegg til strategi for Luster kommune.

## Kva kommunale grøntanlegg eig Luster kommune?

- Parkar og grøntanlegg i bygdesenter og kommunesenter.
- Grøntanlegg rundt alle kommunale bygg.
- Idrettsanlegg, friluftsområde, nærmiljøanlegg og Lustrabadet.
- Grøntanlegg rundt skular, barnehagar og leikeplassar på kommunal grunn
- Grøntanlegg rundt sjukeheimar, omsorgsbustader, trygdebustader og kommunale bustader
- Grøntanlegg rundt kyrkjer og gravplassar



*Grøntanlegg nær vatn og vassdrag har ekstra høg verdi.*



## Fakta

- Luster er ein stor kommune i areal med fleire mindre bygdesenter i tillegg til kommunesenteret Gaupne.
- Det er lang avstand mellom dei kommunale grøntanlegga.
- Luster kommune har mange oppgåver og begrensa med ressursar.
- Innbyggjarar og tilreisande forventar velstelte grøntanlegg der dei ferdes.
- Velstelte, velfungerande grøntanlegg skapar trivsel.
- Kommunen har i dag ikkje fagkompetanse på planlegging av og stell av grøntanlegg.
- Kommunen har ikkje god oversikt over eksisterande kommunale grøntanlegg.
- Det vert investert i fine grøntanlegg når det vert bygd nye, kommunale bygg men det er dårlegare med midlar og planar for vedlikehald av desse.
- Det er eit stor etterslep når det gjeld stell/vedlikehald av eksisterande grøntanlegg.
- Kommunen har ingen strategi for korleis grøntanlegga kan stellas/vedlikehaldast på best mogleg måte og på ein kostnadseffektiv måte.
- Det er kostnadseffektivt å vedlikehalde grøntanlegg framfor å måtte ta alt att etter få år.



*Kommunal «beskjæring»*

## Strategi for kommunale grøntanlegg

	Kva skal gjerast (LK = Luster kommune)	Kven skal gjere det
1	<p><b>Registrering – kva har me</b> Lage ei enkel oversikt (liste) over alle kommunale grøntanlegg både i type anlegg, plassering, areal og tilstand. Lista bør reviderast fortløpende og minimum kvart 5. år.</p> <p>Inn i denne oversikta skal alle eigedommane til kommunen vera med, også ikkje utbygde område og friområde/friluftsområde som kommunen har regulert men ikkje står som formell eigar av.</p> <p>Når det gjeld tilstand skal anlegga vurderast slik:  <b>God:</b> Anlegget har ikkje behov for oppgradering, berre ordinær skjøtsel, drift og vedlikehald.  <b>Middels:</b> Deler av anlegget bør oppgraderast.  <b>Dårleg:</b> Anlegget må oppgraderast.</p>	LK v/plan i samarbeid med eigedom og teknisk drift
2	<p><b>Prioritere</b> Lage ei prioriteringsliste over kva anlegg som vert høgast prioritert i detaljeringsgrad og vedlikehald av LK ut i frå bruk og plassering i senter eller nær bustadområde.</p> <p>Når det gjeld prioritering skal anlegga vurderast slik:  <b>Høg:</b> Område rundt viktige kommunale bygg.  Parkanlegg og grøntanlegg som vert mykje nytta av innbyggjarar og tilreisande.  Samanhengande grøntområder som er ein del av rundløyper nær sentrum og byggefelt.  <b>Middels:</b> Grøntanlegg i bygdene, nær bustadfelt og bygdesenter.  <b>Låg:</b> Grøntanlegg med få brukarar.</p>	LK v/plan i samarbeid med eigedom
3	<p><b>Samarbeidspartnerar på vedlikehald</b> Vurdere kva anlegg som vert/kan/bør stellast av andre enn LK. Aktuelle samarbeidspartnerar er velforeiningar, lag og organisasjonar, leigetakrarar m.fl. Formalisere/inngå avtalar om stell. Vurdere kva LK kan bidra med når det gjeld fagkompetanse og lån/leige av utstyr.</p>	LK v/plan i samarbeid med teknisk drift
4	<p><b>Plan for stell og vedlikehald</b> Lage ein plan på kva som bør gjerast når for alle typar anlegg - jamfør punkt 1 og 2. Det er viktig å unngå stell/tiltak som krev meir arbeid eller nyetablering. For eksempel er det relativt lite tidkrevjande å hindre gras å vekse inn i ein ny buskplanting, men har graset fyrst fått etablert seg er det mest uråd å fjerne att. Unngå skader på planta tre, feil skjæring av busker og tre, val av lite herdige plantar osv.</p>	Krev ny fagkompetanse. Gartnar/anleggsgartnar.

5	<b>Investere fornuftig</b> Vurdere alle nyanlegg ut frå prioriteringsliste i punkt 2 og klima på staden. Nye anlegg skal ha plan for drifting av anlegget i framtida. Ha fokus på funksjonalitet i kombinasjon med enkelt vedlikehald, brøyting og snølagring vinterstid. Anlegg som ligg i lite prioriterte område skal ha særslig enkel utforming som gir enkelt vedlikehald. Også i høgt prioriterte anlegg skal krav til enkelt vedlikehald vurderast høgt! Eksempel: Mange små flater med plen fører alltid til ekstra vedlikehald og også mindre bruksverdi. Materialar som vert brukta må tåle brøyting med det utstyret kommunen skal brøyte området med. Sitjeplassar må etablerast der det er hyggeleg å sitje. Det må veljast artar med god herdigkeit slik at plantane trives og veks.	Krev fagkompetanse
6	<b>Budsjettere</b> Setje av midlar i budsjettet slik at dei kommunale grøntanlegga får eit forsvarleg vedlikehald i samsvar med plan. Å tilsetje ein gartnarkyndig person er truleg lønnsamt.	Rådmann i samarbeid med teknisk drift og fagkompetanse





*Luster kommune har mange gode, grøne verdiar  
– det gjeld berre å ta vare på dei me har og gjera dei enno betre.*